



Husnesgruppa klar for tur i Fjellandsbø-området. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det er iferd med å verta ein tradisjon at turgruppa frå Husnes reiser på haust-tur til Uskedalen. I dag har dei vore her tredje året på rad - utan omsyn til trugande vermeldingar.

Medan husnesingane gjekk ein rundtur i sentrum i 2007 og 2008, var Fjellandsbø målet denne gongen og naturleg nok var besøk på TI-aren Cafe siste post på programmet.

- Vi er ute og går kvar einaste tysdag og har vore på tur i Handelandsdalen og på Bjelland, Sunde og Sandvoll. Uskedalen er så langt det tur-målet vårt som ligg lengst unna. Eg veit at gruppa også var til Fjellandsbø før eg vart leiar og det var i 2006, fortel leiar Olav Johnsen.

Eigentleg skulle gruppa ha gått så langt at dei kunne nyta utsikten ned i Matresfjorden, men de tillet ikkje veret og leiaren er ikkje framand for tanken om ein ny tur i same området i fint ver til våren.

Denne dagen var 19 i bilane til Uskedalen, men det plar vera 25-30 med på turane til gruppa.

Av Ola Matti Mathisen